



Suldal kommune

Konkurransesgrunnlag

Løypekøyring i Gullingen-området

Frist tilbud 08.05.2019, kl 12:00

Innholdsliste

1. GENERELLE OPPLYSINGAR	3
1.1 OPPDRAGSGJEVAR.....	3
1.2 FØREMÅL OG OMFANG	3
1.3 LENGDE.....	3
1.4 PROSEDYRE.....	3
1.6 LEVERING AV TILBOD.....	3
1.9 VERDI PÅ LEVERANSEN	3
1.10 SPRÅK	3
1.15 VIKTIGE DATOER.....	4
2. Kvalifikasjonskrav	4
3. KRAVSPESIFIKASJON	5
3.1 OVERORDNA FØRESETNADER.....	5
3.2 LØYPESJEF	5
3.3 OPPDRAGET.....	5
3.4 KRAV TIL MASKINPARK OG FORSIKRING.....	6
3.5 KRAV TIL PERSONALET	7
3.6 FINANSIERING	7
4. TILDELINGSKRITERIA	8
4.1 ØKONOMI 40%	8
4.2 KVALITET 40%.....	8
4.3 KAPASITET OG RESPONSTID 20%.....	8
5. KONTRAKTSTILHØVE	9
6. ATTERHALD.....	9
7. PRISSKJEMA.....	10
Pris og vilkår	11
GENERELT.....	11
PRISSTIGNING	11
FAKTURA	11
DELTAING I KONKURRANSEN.....	11
VILKÅR VED BETALING	11

1. GENERELLE OPPLYSINGAR

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Suldal kommune.

All kontakt som gjeld denne avtalen skal rettast til innkjøpsansvarleg Ronny Mehus Rugland i Suldal kommune

E-post	ronny.rugland@suldal.kommune.no
Telefon	52 79 22 33 / 95 73 16 67

1.2 Føremål og omfang

Føremålet med denne konkurransen er å inngå ein rammeavtale om levering av løypekjøring i Gullingen-området i vintersesongen.

Leveransen skal innehalda alt som er nødvendig for å utføra oppdraget i samsvar med kravspesifikasjonen.

Oppdraget omfattar nærare spesifiserte løyper/skileikanlegg, sjå vedlegg.

1.3 Lengde

Kommunen tek sikte på at avtalen skal gjelda frå 01.08.2019

Avtaleperioden er på 4 år med opsjon på 1+1 år. Det vil seie totalt 6 år (vanleg rammeavtale er 4 år). Me har utvida med 2 år då det vil vere nødvendig for oppdragsgivar å investere i mykje utstyr for å kunne gjennomføre oppdraget.

1.4 Prosedyre

Denne konkurransen vert handsama som anbodskonkurranse del I og del 3 i høve Lov og forskrift om offentlege innkjøp. www.lovdatab.no.

Det kan bli dialog for å avklare og skilje tilboda frå kvarandre. Dialog kan skje både elektronisk eller som forhandling. Det blir berre forhandling dersom tilboda er vanskeleg å skilje i frå kvarandre, så leverandøren må levere sitt beste tilbod

1.6 Levering av tilbod

Tilbodet skal leverast via <https://permalink.mercell.com/101304708.aspx>. Det er ikkje mogleg å levere inn deltilbod.

1.9 Verdi på leveransen

Rammeavtalen sin verdi for 6 år er estimert til 3,9 millionar kr ut i frå det som er lagt inn i økonomi- og handlingsprogram (kr 650.000,- i året). Verdien er rettleiande og skal ikkje føre til nokre pliktar for kommunane eller rettar for tilbydar.

1.10 Språk

Tilbodet skal utarbeidast på norsk

1.15 Viktige datoer

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål	7 dagar før frist for tilbod
Frist for å levera tilbod	08.05.2019, kl. 12:00
Tildeling (tentativ)	15.05.2019
Inngåing av kontrakt (tentativ)	29.05.2019

2. Kvalifikasjonskrav

Krav	Dokumentasjonskrav
Det må vera eit lovleg registret føretak	Attest for registrering i det faglege register (Brønnøysund)
Tilbyder kan ikkje ha skatte- eller avgiftsrestansar.	Skatteattest for meirverdiavgift og skatt. Ikkje meir enn 6 månader gamal.
HMS-ordning	HMS- eigenerklæring
Tilbydar skal ha økonomisk kapasitet til å ta på seg oppdraget	Siste års rekneskap (resultat, balanse og revisjonsberetning). Låg eigenkapital, stort underskot eller revisjonsmerknad kan vera diskvalifikasjonsgrunn
Leverandøren må ha gode miljørutinar.	Ei skildring av verksemda sine miljørutinar.

I kontrakten vil det bli stilt krav om at tilsette hos leverandør og eventuelle underleverandører som utfører arbeid på kontrakten ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn det som følger av gjeldande forskrifter om allmenngjorte tariffavtaler eller landsomfattande tariffavtaler for de aktuelle bransjane.

I kontrakten vil det bli stilt krav om at leverandøren oppfyller etiske krav (sjå vedlegg – Kontraktsvilkår etiske krav).

Dei same krava gjeld underleverandørar

Løypekjørarar må ha nødvendige løyve for å kunne utføre oppdraget på en tilfredsstillande og lovleg måte. Grunneigarløyve m.v. kan innhentast i samarbeid med Suldal kommune. (T.d. løyve for motorisert ferdsel i utmark...)

3. KRAVSPESIFIKASJON

3.1 Overordna føresetnader

Preparering av skiløyper er ei serviceteneste overfor fastbuande og gjester i Suldal kommune. Leverandøren må vera i stand til å gjennomføra oppdraget på en slik måte at løypebrukarane får velpreparerte løyper som sikrar dei ei optimal turoppleving. I gjennomføringa av prepareringa må løypekøyrarar alltid opptre på ein slik måte at publikum føler seg ivaretatt.

3.2 Løypesjef

Kommunen føreset at den som blir tildelt oppdraget, utnemner ein løypesjef for området. Løypesjefen skal ha kontakten med Suldal kommune og med mannskapa ute i oppdrag. Namn på tiltenkt løypesjef og denne si relevante erfaring skal kome fram av tilbodet. Erfaring og kunnskap om løypekøyring vil det bli lagt vekt på.

Oppgåver for løypesjef/løypekøyrar

- Løypekøyraren skal vera den sentrale personen i samband med avtalar og dialog vedkomande tilrettelegging for aktivitet vinter- og sommartid i området.
- Løypekøyraren må kunna pårekna visse beredskapsmessige oppgåver i området.
- Løypekøyraren skal vera aktivt med i utviklinga av løypenettet i området saman med representantar frå Suldal kommune, Gullingen leirskule, Gullingen turistsenter, Suldal IL, reiselivslaget, grunneigarane og utbyggjarane.
- Løypekøyraren skal bidra i klargjering av lysløypa i samband med skikarusellen og andre skikonkurransar. Pr. 2019 dreiar dette seg om 4 skikarusell-renn og 2-3 andre langrennskonkurransar. I denne konkurransen er det berekna inn maksimalt 7 renn/konkurransar. Klargjering utover det må skje etter avtale/betaling med dei som skal gjennomføre aktiviteten.
- Løypekøyraren må også pårekne å bidra i samband med andre vinteraktivitetar/-arrangement i området kor kommunen er med som arrangør.
- Løypekøyraren skal ha informasjonsansvar relatert til vinteraktiviteten i Gullingenområdet:
 - Dagleg oppdatering av løypeinformasjon via heimeside, facebook og/eller andre plattformer.
 - Det er ønskjeleg at løypekøyrar har GPS i tråkkemaskinen/på scooteren som kan formidle informasjon til TracTrac Live oppdatering eller tilsvarande. Evt. nødvendige lisensar og abonnement er tilbydars ansvar.
 - Kontaktpunkt i forhold til ulike media sine interesser i området.
 - Besvara spørsmål frå dei ulike brukarane av området.

3.3 Oppdraget

Oppdraget baserer seg på løypenettet i følgje løypekart for vinteren 2018/2019. Totalt dreier dette seg om kring 100 km skiløyper og 2 skileikområde.

Løypekøyraren brukar kring 300 timar i løypemaskina. Det vert samla køyrt mellom 2500 og 3000 km pr. sesong.

Det skal preparerast løyper minst tilsvarande dagens mengde og kvalitet. Dei preparerte traseane skal minimum ha preparert eitt spor for klassisk og trase for skøyting.

Kravspesifikasjon løyper

- Rydde kvist og kratt i/nær løypetraseen. **Planera om nødvendig (ved mindre omfang). Meir omfattande planering inngår ikkje i denne avtalen.**
- Vedlikehalda bruer og klopper i traseen.
- Evt. omlegging av løypene (i snøfattige år og liknande) skal løypekøyrar avtala med grunneigarar/kommunen.
- Løypekøyrar har ansvar for å sjekka istilhøve og evt. sikra/varsla eventuelle farer.
- Det skal minst tråkkast eitt klassisk spor og eitt skøytespor. Der det tråkkast to maskinbreidder, kan det settast to klassiske spor (og skøytebane i midten eller på den eine sida). Ved bruk av snøscooter skal det settast eitt klassisk spor.
- Løypekøyrar skal rydda løypene for søppel gjennom sesongen. Rett etter avslutta sesong skal det ryddast også på barmark.

Løypetrasear og skileikområde som inngår i grunnlaget

Preparerte trasear:

Løypekøyraren skal preparere følgjande løyper i prioritert rekkefølge avhengig av snøtilhøva:

- Lysløypa 3,3 km
- Barneløypa ved fjellstova 1 km – vært køyrd samstundes som preparering av skileiken ved fjellstova
- Åsløypa 1 km
- Breiastølsdalen mot Sandsaosen 10 km t/r
- Langs Sandsavatnet til Skipadalen + 10 km t/r
- Langeli 9 km t/r
- Hedlebrekk frå Gullinghuset 11 km
- Fjellbergskaret 3,5 km

Skileikområde

Følgjande skileikområde skal preparerast av løypekøyraren i prioritert rekkefølge :

- Skileik ved fjellstova – så snart snøtilhøva tilseier det
- Skileik Breiastølsdalen – seinast til vinterferien

Merka løyper

Følgjande løyper skal vera merka med kvistar seinast til vinterferien så sant ver- og snøtilhøve tillet det:

- Reinsheia frå/til Breiastølsdalen 13 km
- Skuteheia frå/til P-plass ved Skitrekket 8 km
- Rota frå/til Gullinghuset 5 km
- Veneheia frå/til Gullinghuset 16 km
- Natlandsnuten frå/til P-plass Hedlebrekk 12 km

3.4 Krav til maskinpark og forsikring

Tilbydar må disponera dei maskiner og det utstyr som vurderast nødvendig for å kunne gjennomføre oppdraget i høve til krava.

Maskinparken som tilbys, må beskrivast i tilbodet.

Gjennomsnittlig produksjon ved bruk av tråkkemaskin anslås til 10,5 km ferdig preparert løype pr. time. Tilsvarande fart for bruk av snøscooter anslås til 10 – 15 km løype pr. time.

Anslaga for km løype pr time skal ikkje gje oppdragstakar rettar eller være forpliktande for oppdragsgjevar.

Maskinane/firmaet må vera forsikra også mot skade påført tredjeperson. Slik forsikring må dokumenterast ved anbodsinnleveringa eller seinast ved kontraktsinngåing.

3.5 Krav til personalet

Tilbudet skal innehalde kortfatta CV på personar som er tiltenkt å utføra oppdraget. Evt. bytte av personell skal føreleggjast oppdragsgjevar. Loggbok skal førast. Denne kan krevjast framlagt for oppdragsgjevar.

3.6 Finansiering

Kommunestyret har vedteke å betale for tenesta med kr 650.000,- i året via næringsfondet.

Kommunen føreset at oppdragstakar framskaffar private og andre midlar til føremålet og/eller løyser oppdraget på ein meir effektiv måte, slik at dagens tilbod og kvalitet kan haldast oppe.

Tilbydar må godtgjera i tilbudet korleis han skal grei å skaffe midlar og/eller effektivisere drifta. Ei truverdig vidare finansiering vil verta vektlagt ved tildelinga av oppdraget.

4. TILDELINGSKRITERIA

Følgjande kriteria vil bli lagt til grunn ved tildelinga. Kriteria er sette opp i prioritert rekkefølge:

- Økonomi. Finansiering utover kommunalt tilskot (40 %)
- Kvalitet. (Miljø /Garantiar/ Referansar/ Kompetanse/Planar om vidareutvikling av tilbodet/Serviceinnstilling) (40 %)
- Kapasitet/responstid (20 %)

4.1 Økonomi 40%

Truverdig framstilling av korleis finansiering av oppdraget er tenkt utanom kommunal finansiering (sponsor/gåver/hyttebetaling etc) vil bli lagt vekt på.

Det skal oppgjevast timepris pr time driftstid for tråkkemaskin og snøscooter. Denne skal tilsvarende omfatta alle kostnader med drifta, men utrekna på timebasis ut frå antatt timebehov. Oppgitte timeprisar skal liggja til grunn for eventuelle tilleggsoppdrag frå oppdragsgjevar.

4.2 Kvalitet 40%

Suldal kommune har en attraktiv natur med rik flora og fauna. Nær løypenettet finst også kulturminne. Arbeidet må utførast på ein slik måte at dette vert ivareteke og ikkje vert skadelidande. Kommunen ønskjer å nytta produkt og tenester som er miljøvennlige, og krev derfor at oppdragstakar utfører oppdraget på ein mest mulig miljøvennleg måte.

Oppdragstakar skal syta for at alle tenester som er omfatta av denne avtalen, blir utført på ein slik måte at kommunen er i stand til å vurdere om omsyna bak dette punktet vert ivaretekne. (Til dømes skal kvisting og rydding i traseen gjerast slik at det også på barmark ser estetisk tilfredsstillande ut). **Tilbydar skal i tilbodet gjera greie for korleis løypekøyninga i størst mulig grad kan tilpassast slik at miljøomsyn blir ivaretatt.**

Eventuelle avtaler om samarbeid ved maskinhavari o.a. skal dokumenterast. Bankgaranti for økonomisk evne til å gjennomføra oppdraget må kunne framleggjast etter kontraktstildeling.

Tilbydar skal oppgje referansar for tilsvarende eller samanliknbare oppdrag.

Kontaktperson hos disse kundane skal oppgjevast saman med telefonnummer og evt. e-postadresse. Vedkomande skal vera spurd på førehand og ha gitt samtykke til å verta nytta som referanse.

Dersom underleverandørar nyttast, skal referansar for desse også oppgjevast tilsvarende.

Tilbydar skal oppgje korleis dei vil marknadsføre tilbodet og korleis dei vil ha kontakt med publikum digitalt og i løypa.

4.3 Kapasitet og responstid 20%

Tilbydar skal oppgje kva maskiner og utstyr han vil bruka i arbeidet og talet på personar som et tiltenkt oppgåva, og deira kompetanse med særleg vekt på skiløyperløyper og erfaring med fjellet. Responstid etter sterkt snøfall og ved stor løypeslitasje o.a. skal oppgjevast.

5. KONTRAKTSTILHØVE

Dokumentrang:

1. Underteikna kontrakt mellom partane
2. Konkurransesgrunnlaget
3. Vedlegg til konkurransesgrunnlaget
4. Standard kontraktvilkår

I kontrakten skal det innarbeidast statusmøte og synfaringar.

Misleghald.

Alle tvistar om tolking av kontrakt og underliggjande dokument, eller kvaliteten på den utførte tenesta, skal søkjast løyste gjennom direkte dialog mellom partane. Vesentlig misleghald gir oppdragsgjevar rett til å heva kontrakten utan kostnad.

6. ATTERHALD

Oppdragsgjevar sine atterhald:

- Suldal kommune tek atterhald om å kunna forkasta kva som helst tilbod om det føreligg sakleg grunn.
- Omfanget må kunna utførast i høve til kravspesifikasjonen også ved redusert kommunal finansiering inntil -10%. Ved større endringar utover 10%, så fell dei minst prioriterte områda ut av avtalen og/eller redusert køyring etter dialog/forhandling med kommunen.
- Omfanget av oppdraget er avhengig av aksept frå grunneigarane i området
- Løypekøyrar må ta kontakt med grunneigar før oppkjøring ved løypeomlegging pga snøforholda og liknande

Tilbydar sine atterhald

- Leverandøren sine eventuelle atterhald skal tas inn i eige følgeskriv. Konsekvensar av eventuelle atterhald kan føra til at tilbodet vert avvist.

7. PRISSKJEMA

Tilbydar: _____

Løypepreparering for Suldal kommune

1. **Timepris.** Det skal oppgjevast timepris pr time driftstid. Denne skal omfatta alle kostnader med drifta, utrekna på timebasis ut frå antatt timebehov. Kan brukast ved evt.tilleggsoppdrag.

Timepris eks. mva i første driftssesong:

For bruk av tråkkemaskin kr./t: _____ eks.mva

For bruk av snøscooter kr./t: _____ eks.mva

Stad, dato: _____

Forpliktande underskrift

Pris og vilkår

Generelt

Prisar skal vera i norske kroner (NOK) og eksklusiv mva.
Det vert ikkje godteke påslag i etterkant.

Prisstigning

Prisen er fast.

Faktura

Leverandøren må sende elektronisk faktura på EHF- format. Leverandøren må merke fakturaen med den referansen som kommunen ønsker.

Faktura skal spesifiserast og merkast med 110-40.

Det skal ikkje belastast fakturagebyr, adm.gebyr eller liknande.

Deltaking i konkurransen

Tilbydar må sjølve dekkje alle eigne kostnader ved deltaking i konkurransen.

Vilkår ved betaling

Kommunane sine vilkår for betaling er fakturadato pluss 30 dagar. Føresetnad for betaling i rett tid er at faktura kjem fram seinast 4 dagar etter fakturadato, og at leveransen er godkjent av tingande eining.

Feil og/eller manglar på faktura kan føre til at han vert returnert, og ny frist for betaling skal verta rekna etter korrekt faktura. Det er ikkje lov til å ta betaling for retting av faktura.

Vedlegg

FIRMAOPPLYSNINGER / SIGNERING

FIRMAOPPLYSNINGER	
Leverandør:	
Adresse:	
Kontaktperson :	
Telefonnummer :	
Telefaks :	
E-postadresse:	
Foretaksnummer:	

Stad, dato

Tilbydar/sign